



Rommet har vorte lyst og triveleg

**Viktig nyhende på trimfronten i Uskedalen: Styrkerommet i Aktivitetshuset er kraftig oppgradert og måndag 3. mars rykker damene inn i rommet for fullt. Damekvelden som er ein instruksjonskveld er fullteikna med 20 deltakarar, opplyser Dan Hansen som er nyansvarleg for rommet og på stutt tid har gjort ein stor jobb for å gjera det meir attraktivt.**

Han vonar at medlemstalet vil auka betydeleg frå dei 15 som no er på lista. Det kostar 1000 kroner for eit halvår og ein kan nytte rommet døgnet rundt

Dan er eigentleg husnesing, men har no 4 år bak seg som Uskedalbuar. Han er tømrrar av yrke, ansatt i Husnes Bygg, og har vore ein ivig brukar av styrkerommet som vart opna i 2010. Imidlertid har leiinga for Aktivitetshuset tydelegvis ikkje makta å prioritera rommet så høgt som ynskjeleg.

Det var mørkt og ikkje særleg triveleg. Men no er det kvitmåla, har speil på veggane og har fått eit supplement av apparat for rygghev og knebøy samt anna utstyr. Tilsaman er det satsa 25 000, men Hansen håpar at det ikkje stoppar no.

Ei tredemølle er neste post på priolista, men ho kostar 30 000! Når det gjeld grunnen til at han fekk jobben som ansvarleg, seier Hansen at han nok ikkje var av dei ivrigaste brukarane, Men han merka seg kva som mangla i rommet og gav tilbakemelding. Og det enda med spørsmål frå styret om han vile ta ansvaret, noko han i høgaste grad har gjort.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

**Meir om tilbudet under LAG OG FORENINGAR her på sida og på Facebook**



Den nye romansvarlege med nyanskaffa apparat

